



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **15 SEPT 2009**
Vår ref.: NVE 200709405-4 ki/vhst
Arkiv: 312/021.F50
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Vegard Hotvedt Strømsvåg
22 95 94 85

Småkraft AS - Søknad om løyve til å byggje Hommsåne kraftverk i Valle kommune, Aust-Agder - Høyring

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS, datert 10.08.2009, om løyve til å byggje Hommsåne kraftverk i Valle kommune.

Hommsåne kraftverk er planlagt bygget i Hommsåne ved Homme i Valle kommune i Setesdal. Kraftverket vil ha ei brutto fallhøgde på 260 m mellom inntak på kote 650 og utlaup på kote 390. Det vil byggast to separate inntakstersklar i bekkane frå Stavvatn og Laugardalstjønn. Røyrtraseen vil bli om lag 1100 m lang og vil i sin heilskap vere nedgraven. Det må anleggast ny permanent veg på 100 m fram til kraftstasjonen og det kan bli aktuelt å leggje 400 m ny veg fram til inntaka. I tillegg må det anleggast 1100 m mellombelse anleggsvegar langs røyrtraseen. Middelvassføringa i vassdraget er på 380 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 760 l/s. Installert yting vil vere på om lag 1,7 MW og midlare årleg produksjon vil vere på om lag 4,8 GWh. Søkjar legg opp til slepp av minstevassføring på 10 l/s som tilsvare vassdragets alminnelege lågvassføring.

Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Hommsåne kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg blir lagt ut til offentleg ettersyn på velkomstsenteret i kommunehuset i Valle kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Martin Vangdal på tlf. 988 30 458 eller e-post: martin.vangdal@smaakraft.no.


Vi ber Valle kommune om å leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på velkomstsenteret i kommunehuset i Valle fram til **20.11.2009**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi viser elles til vedlagte informasjonsskriv som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring fram til endeleg vedtak. Av dette gjeng det fram kva slags tilbakemelding vi ønskjar.

NVE føretrekker at fråsegner sendes elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogleg og seinast innan **20.11.2009**. I tillegg kan fråsegner sendast per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Vegard Strømsvåg
Vegard Hotvedt Strømsvåg
avdelingsingeniør

Vedlegg: Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsskriv
 Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Hommsåne kraftverk

Behandlast etter: Vassressurslova

Kunngjørast av NVE ved CIA Media Marketing 1 gang i: Fedrelandsvennen og Setesdølen

Antall søknader	Navn/adresse
2	Valle kommune, postboks 4, 4747 Valle
	Fylkesmannen i Aust-Agder, serviceboks 606, 4809 Arendal
	Aust-Agder fylkeskommune, serviceboks 606, 4809 Arendal
	Statens vegvesen, Region sør, serviceboks 723, 4808 Arendal
	Naturvernforbundet i Aust-Agder, c/o Stig Rubach, Åsveien 5, 4879 Grimstad
	NJFF-Aust-Agder, Idrettens hus, Industrivei 10, 4848 Arendal
	Agder Energi Nett AS, serviceboks 634, 4809 Arendal
	FNF Agder v/Torbjørn Fredriksen, Grøngjelveien 33, 4514 Mandal
	Aust-Agder Turistforening, postboks 369. 4803 Arendal
1	KM/TSO
1	KD/HMOE
1	ER/KEST



- KUNNGJERING -

Småkraft AS – Søknad om løyve til å byggje Hommsåne kraftverk i Hommsåne i Valle kommune

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS om løyve til å byggje Hommsåne kraftverk i Valle kommune.

Hommsåne kraftverk er planlagt bygget i Hommsåne ved Homme i Valle kommune i Setesdal. Kraftverket vil ha ei brutto fallhøgde på 260 m mellom inntak på kote 650 og utlaup på kote 390. Det vil byggast to separate inntakstersklar i bekkane frå Stavvatn og Laugardalstjønn. Røyrtraseen vil bli om lag 1100 m lang og vil i sin heilskap vere nedgraven. Det må anleggast ny permanent veg på 100 m fram til kraftstasjonen og det kan bli aktuelt å leggje 400 m ny veg fram til inntaka. I tillegg må det anleggast 1100 m mellombelse anleggsvegar langs røyrtraseen. Middelvassføringa i vassdraget er på 380 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 760 l/s. Installert yting vil vere på om lag 1,7 MW og midlare årleg produksjon vil vere på om lag 4,8 GWh. Søkjar legg opp til slepp av minstevassføring på 10 l/s som tilsvorar vassdragets alminnelege lågvassføring.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på velkomstsenteret i kommunehuset i Valle og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Småkraft AS v/ Martin Vangdal på tlf.: 988 30 458 eller e-post: martin.vangdal@smakraft.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **20.11.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.



RUTINER FOR SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSLOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjeld kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve. Føremålet er i gi høyringsinstansane ei samla oversikt over kva vi ønskjer at offentlege forvaltningsmyndigheiter legg vekt på i deira fråsegn.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/konsesjonssaker når saka vert lagt ut til offentleg gjennomsyn.

Vi sender samstundes høyringsbrevet til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, interesseorganisasjonar og statlege forvaltningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet, og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentlege kontor der den kan studerast og eventuelt lånast. Vedlagte adresseliste viser kva for høyringsinstansar som mottek dette høyringsbrevet.

Søkjaren får høve til å gi kommentar til innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga. Som eit ledd i handsaminga følgjar ei synfaring der dei som har uttala seg til saka inviterast til å delta.

NVE skal foreta ei vurdering av alle sider ved saka, og står fritt til å vurdere om løyve skal gis og i kva for ein grad. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev løyve, vil vi knytte vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte føresegnar om byggefristar, reguleringshøgder, slepp av minstevassføring, godkjenning av planar med omsyn til miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, fornminne og sanksjonsbestemmingar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspent overføringsanlegg, vil vi gi naudsynte konsesjonar samstundes med at saka etter vassressurslova avgjerast endeleg.

Kva forventar NVE av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Vi ønskjer grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. NVE ønskjer òg grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane, og forslag til eventuelle vilkår.

Kommunen bør spesielt omtale tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør de gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessa.

Fylkesmannen bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk, miljø (medrekna biologisk mangfald) og beredskap. Fylkeskommunen bør tilsvarende leggje vekt på kulturminne.

Vi føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker. I tillegg er det mogleg å sende fråsegner per post, NVE, postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no